



Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2021/2022

13. august 2021

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge og sikre at omsetninga av norsk korn kan skje til målpris. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet.

Prognosen blir normalt oppdatert i september, november, mars og mai.

Tilgangsprognose

Felleskjøpet Agri marknadsregulator gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2021/2022:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2016-20	Tilgang 2020	Prognose 2021	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	177 600	224 500	168 000	95 %	75 %
Fôrkveite	130 100	82 000	100 000	77 %	122 %
Kveite i alt	307 700	306 500	267 000	87 %	87 %
Matrug	11 500	7 600	8 000	70 %	105 %
Fôrrug/rugkveite	21 400	25 700	45 000	210 %	175 %
Rug i alt	32 900	33 300	53 000	161 %	159 %
Bygg	540 600	606 400	627 000	116 %	103 %
Havre	254 100	296 200	306 000	120 %	103 %
Korn totalt	1 135 300	1 242 500	1 253 000	110 %	101 %
Erter	3 900	3 800	4 000	103 %	105 %
Oljefrø, åkerbønner	11 900	15 200	15 000	126 %	99 %
Korn, erter, oljefrø	1 151 100	1 261 500	1 272 000	111 %	101 %
Matandel kveite	58 %	73 %	63 %		
Matandel rug/rugkveite	35 %	23 %	15 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosert tilgang til industrien pr. august byggjer på arealprognose, estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling og andel matkorn for kveite og rug.

Prognose for areal og arealfordeling

Prognosen føreset at kornarealet i 2021 samla sett er uendra i forhold til i fjor. Fordelinga mellom kornslaga er prognose frå NIBIO basert på data for omsetning av såkorn, men korrigert for at 75 % av arealet med haustkveite er sådd om med bygg, vårkveite og havre. Det er gjort eige estimat for areal åkerbønner:

Arealfordeling 2016 - 2021 (dekar)							Endring frå 2020
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	
Haustkveite	114 213	302 794	99 275	426 143	190 891	92 000	-98 900
Vårkveite	552 434	453 771	485 939	375 570	484 569	477 000	-7 600
Kveite	666 647	756 565	585 214	801 713	675 460	569 000	-106 500
Rug, rugkveite	45 460	83 628	33 166	92 842	65 160	103 000	37 800
Bygg	1 367 167	1 341 631	1 471 834	1 298 685	1 390 151	1 419 000	28 800
Havre	758 377	672 555	694 421	547 400	664 943	710 000	45 100
Korn	2 837 651	2 854 379	2 784 635	2 740 640	2 795 714	2 801 000	5 300
Oljefrø, åkerbønner	53 101	39 302	48 823	56 305	55 992	51 000	-5 000
Korn/oljevekstar	2 890 752	2 893 681	2 833 458	2 796 945	2 851 706	2 852 000	300

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 09.08.2021.

Rådgjevarane har for nokre regionar gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Det ble sådd et stort areal med høstkorn i fjor høst. Vi regner med at 90-95% av all høstveten vintret ut etter barfrost og streng kulde i januar. Plantene var nor mindre robuste etter bløte forhold under innvintringsperioden i desember. Høstveten ble erstattet med vårhvete, bygg og havre. Vi regner med at arealet med vårhvete har økt en god del, men store deler av høstkorn arealet er erstattet med bygg og havre.

Det var gode forhold under våronna og mesteparten av vårkorn arealet ble sådd i april. Det var og fin jordstruktur der høstkornet ble sådd om, så etableringen og oppspiringen av vårkornet ble meget bra.

Vi fikk jevnlig påfyll med nedbør i mai og juni og vekstforholdene var tilnærmet optimale. Vi fikk en tørr og varm juli noe som førte til noe rask modning, spesielt på havren. Havren satte nok minst pris på de høye temperaturene, noe som har ført til noe lav hl-vekt på havren.

Det ble sådd et stort areal med høstoljevekster i fjor, men her utvintret nesten alt. Dett arealet har stort sett blitt erstattet med bygg og havre. Det er sådd et mindre areal med våroljevekter enn tidligere år.

Det er og sådd en del erter og åkerbønner i Østfold i år som ser bra ut så langt.

Det er mye fine og jevne vårkornåkere i Østfold, så vi regner med en avling godt over normalen/gjennomsnittet.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Mye av høstkornet gikk ut i år og det betyr nok at hveteavlingene heller ikke i år blir av det beste. Ellers ble våronna preget av mye regn i mai slik at våronna trakk ut i tid og det var stor tidsforskjell

mellom det som ble sådd tidlig og det som ble sådd seint. Når det gjelder oljevekster og åkerbønner så ser det ut til at åkerbønnene blir noe bedre enn i fjor, mens det som er tresket av raps/rybs ligger noe under fjoråret.»

Norsk Landbruksrådgiving Østafjells:

«Anslår avlingsnivå til å tilsvare et godt normalår, ca. 110 % av siste 5 år for bygg og havre. Hvete nære 5-års snitt som følge av moderat andel høsthvete og varierende avling på overholdt høsthvete. Tror forholdene i Buskerud og Telemark er ganske like i år.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:

«Så langt er det tresket litt bygg, høsthvete og høstraps, men ikke nok til å kunne si noe konkret om samlet avlingsnivå.

Hvete: Muligens en større andel høsthvete enn normalt. Derfor samme avlingsnivå som i fjor, selv om det var et godt år. Avlingsnivået på høstet hvete ligger opp mot samme som i fjor. Vårhveten har tatt mer skade av det tørre været som var i juli. Kan derfor få mer negativ konsekvens enn det vi ser så langt.

Rug og rughvete: Varierer lite fra år til år. Har derfor lagt oss på omtrent på 2020-nivå

Bygg: Det store arealet på Hedmarken. Fjoråret var svært bra. Vi regner med konsekvens av juliværet her også, selv om åkrene stod bra i starten av måneden.

Havre: Samme opplegg som rug og rughvete. Meste av arealet utenfor Hedmarken/Sør-Østerdal.

Oljefrø: Knappt våroljevekster i området. Høstraps tresket til nå ligger over fjorårets snittavling for oljefrø. Konservativt anslag. Kan ende noe opp.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:

«Høstkornet har klart seg bedre her enn lenger sørover. Våronna ble preget av mye regn og det ble derfor stort sprik i såtidspunkt og utvikling. I fjor var vi tidlig ferdig med våronna og hadde flotte innhøstingsforhold. Selv om avlingene ikke blir på høyde med fjoråret, mener jeg at vi kommer til å få et godt kornår i Solør-Odal så lenge høsten blir grei.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Lena:

«Hvete: Mye fin åker på Toten og Hadeland med vårhvete, men antar at også denne ble preget av en 10-14 dager for lang tørkeperiode i juni/juli. Noe spredte arealer med høsthvete, men denne var tynn mange steder, derfor anslag litt under fjoråret for hvete samlet.

Rug og rughvete: Noe mere areal med rug og rughvete på Hadeland enn Toten, men denne var tynn mange steder. Anslått avling litt under 2019 og 2017.

Bygg og havre: Ser bra ut, men ikke like bra som fjoråret. Derfor litt redusert anslag.

Oljefrø: Under fjoråret (ifølge et par bønder) pga. litt for lang tørke i juni.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Viken:

«Her er treskinga i gang, og det er har kommet inn både høstkorn, vårkorn og høstraps. Det rapporteres om gode avlinger.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):

«Vi mener det ligger an til 30% økte avlinger i forhold til i fjor, for alle arter. Det har stort sett vært tørt, så vi har noen utfordringer med smått korn og forsinket busking, men jevnt over har det vært gode forhold.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):

«Det er litt vanskeleg å vera sikker på effekten av middels sterk tørke før skuronna er godt i gang. Foreløpig er det berre tatt noen mindre areal, som er lite representative for storparten av arealet – noe tørkeskadd. Men trur det generelt går mot eit bra kornår.»

Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlinger og prognosert avlingsnivå pr. dekar:

Avling, kg/dekar

Kornslag	2016	2017	2018	2019	2020	2021*	I forhold til 2020	Ti års median	Prognose/ ti års median
Kveite	465	531	236	561	456	470	103 %	460	102 %
Rug/rugkveite	509	598	238	550	526	510	97 %	518	99 %
Bygg	465	462	300	436	438	442	101 %	417	106 %
Have	473	424	226	420	447	431	97 %	408	106 %
Totalt korn	468	478	267	473	447	448	100 %	443	101 %
Oljefrø, åkerbønner	229	298	133	316	332	294	88 %	237	124 %

Matandel og fordeling av matkveite pr. proteinklasse

Fordelinga av tilgangen av kveite og rug mellom mat- og fôrkorn blir sterkt påverka av vêret før treskinga og er uråd å estimere så tidleg i august. Matandelen tek difor vanlegvis utgangspunkt i ti års medianverdi for matandel. Denne er 63 % for kveite og blir lagd til grunn. For rug er medianverdien 49 %, men fleire dyrkar no rugkveite som går til fôr. Dette har redusert den samla matandelen for rug/rugkveite og denne er i prognosen sett med utgangspunkt i at veksten i kvantum skuldast rugkveite, til 15 %.

Klassefordeling av tilgangen av matkveite i 2021/2022 er basert på omsetninga av såkorn. Det er overlagra 38 700 tonn matkveite klasse 1 frå den førre sesongen. Tilgangen av sterk kveite (klasse 1 og 2) er god og vil redusere behovet for import av sterk matkveite.

Fordeling av tilgang av matkveite (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Klassefordeling ny avling	Overlagra inngående	Omdisponere	Overlagre til neste sesong	Forbruk	Fordeling i alt
Klasse 1	46 900	28 %	38 700	-	20 000	65 600	40 %
Klasse 2	21 700	13 %		-	-	21 700	13 %
Klasse 3	39 300	23 %		-	-	39 300	24 %
Klasse 4	28 200	17 %		-	-	28 200	17 %
Klasse 5	31 800	19 %		21 000	-	10 800	7 %
I alt	167 900	100 %	38 700	21 000	20 000	165 600	100 %

Fordeling av tilgangen av korn til mat og fôr

Tabellen under viser tilgangen og fordelinga mellom mat og fôr som ligg til grunn for prognosering av balansen¹. Det er lagt til grunn at 21 000 tonn av tilgangen av matkveite i klasse 5 vil bli regulert. Det er også prognosert at 20 000 tonn sterk matkveite blir overlagra til neste sesong.

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôrkveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	38 700	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	167 900	7 900	99 600	44 700	626 900	306 200	1 077 400
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	0	0	0		-2 800	-40 000	-42 800
-Overlagring	-20 000						
-Omdisponering matkorn	-21 000	0	21 000				21 000
Tilgjengeleg	165 600	7 900	120 600	44 700	624 100	266 200	1 055 600

Forbruksprognose

Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juli i år.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for resten av 2020/2021 og for ny sesong 2021/2022.

¹ Det er ikkje korrigerert for at mindre kvanta innkjøpt matkveite kan bli brukt til kraftfôr. Estimat for dette er usikre og har liten verdi for presisjonen i prognosen.

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021*	271 100	18 800	2 800	38 500	331 200
Prognose 20/21	266 600	18 000	2 800	42 000	329 400
Endring	-1,7 %	-4,3 %	0,0 %	9,1 %	-0,5 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr til og med 2. kvartal i år og for statistikk og prognosar for leveransar av husdyrprodukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. For 2022 er anslaga for husdyrproduksjon førebels mangelfulle og prognosen legg for desse periodane til grunn framskriving ut frå siste kjende husdyrprognosar.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 031 984	463 398	478 428	14 638	1 988 448
4K20 - 3K21*	1 053 000	465 000	502 000	15 000	2 035 000
Prognose 21-22	1 025 000	454 000	505 000	14 000	1 998 000
Endring	-2,7 %	-2,4 %	0,6 %	-6,7 %	-1,8 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Suppleringsimport av karbohydratråvarer til kraftfôr

Norsk fôrkorn dekkjer ein del av råvareforbruket til kraftfôr, men må supplerast med importert korn eller andre karbohydratråvarer. I tillegg blir det importert proteinråvarer, feittråvarer, vitamin og mineral. Det er import av karbohydrat som supplement til norsk korn som blir estimert i denne prognosen.

Det totale forbruket av karbohydratråvarer (inklusive korn) blir rekna ut frå den totale prognoserte produksjonen av kraftfôr ovanfor og prognosert andel karbohydrat i kraftfôret. Karbohydratandelen er normalt basert på nivået pr 2. kvartal i år og historisk endring mellom kvartal for resten av perioden. Data for 2. kvartal er ikkje klar frå alle aktørar, men basert på estimat blir det lagt til grunn ein andel på 71,5 %. Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôr i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftførsal	1 998 000	
Andel karbohydratråvare	71,5 %	
Behov karbohydratråvarer		1 429 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		58 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 371 000

VEDLEGG

Tilråding om kvotar for suppleringsimport

På grunnlag av prognosen ovanfor gir Felleskjøpet Agri marknadsregulator råd til Landbruksdirektoratet om kvoter for suppleringsimport til administrert toll.

Minste import av karbohydratråvarer

Marknadsregulator har vurdert minste behov for import av matkorn og kornråvarer til kraftfôr (karbohydratråvarer).² Denne vurderinga blir lagt til grunn i sesongar der tilgangen av norsk fôrkorn er så stor at det påverkar rommet for import av essensielt viktige karbohydratråvarer. Tabellen under viser resultatet av vurderinga i 2017 og aktuelle føresetnader for sesongen 2021/2022:

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		1 998 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	76 000	91 000
Behov for mais	50 000	70 000	51 000	71 000
Behov for melasse	60 000	60 000	61 000	61 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	203 000	253 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	51 000	71 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	457 000	562 000
Norsk fôrveite inneverande sesong			-121 000	-121 000
Norsk kli inneverande sesong			-51 000	-58 000
Suppleringsimport karbohydratråvare			285 000	383 000
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-65 000	-65 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	0
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-6 800	-6 800
Minimumskvoter til auksjon			213 000	311 000

Prognosert produksjon av kraftfôr og karbohydratandel gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen:

Minimumsbehov for import av karbohydrat (tonn)	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	213 000	311 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import	6 800	6 800
Minimumsimport i sesongen	285 000	383 000

² Rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

Det teoretiske rommet for norsk korn med gitt bruk av råvarer til kraftfôr og definert minste importbehov er vist i tabellen under:

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 371 000	1 371 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-285 000	-383 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli	1 086 000	988 000

Det er prognosert mindre tilgang av norsk fôrkorn enn rom for fôrkorn, jamfør nedanfor. Industrien sitt behov for særskilde råvarer kan difor bli dekt utan å fastsette minsteimport.

Importbehov av karbohydratråvarer til kraftfôr i sesongen

Basert på tilgangen av norsk korn får vi følgjande behov for supplering i form av importerte karbohydratråvarer i sesongen:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)		1 374 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 086 000	
Prognosert forbruk av norsk korn til fôr i sesongen		1 055 600
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)		-1 045 000
Importbehov for karbohydratråvare		329 000

*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i samla kraftfôrproduksjon på 55 %.

Importbehov matkorn i sesongen

Importkvota for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for den samla importkvota er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Forskrift om administrative tollnedsettelsar gir ikkje grunnlag for kvote for import av havre til mat til administrert tollsats. Departementet kan gjere unntak frå forskrifta slik at direktoratet kan fastsette tollsats, men det er føresett at vurdering av dette først blir gjort i november. Det er normalt underdekning av økologisk grynhavre og importbehovet er estimert til 2 000 tonn. Vurdering av behovet for import av konvensjonell mathavre blir gjort etter avslutta innhausting, før tollkvoteauksjonen i november.

Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norsk produsert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	266 600	18 000	2 800	42 000	329 400
Norsk matkorn	165 600	7 900	2 800	40 000	216 300
Underdekning matkorn	101 000	10 100	0	2 000	113 100

Dette gir ein andel norsk matkorn i totalt norskforedla matmjøl og gryn på 66 %.

Forslag om importkvotar ved auksjonen i august

Marknadsregulator foreslår importkvotar for Landbruksdirektoratet. Forslaga skal vere i samsvar med prognose. Ved tildeling av importkvotar kan Landbruksdirektoratet i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av prognosert importbehov i sesongen.

Forslag om importkvote for fôrkorn og andre karbohydratråvarer

På grunn av usikker andel matkorn i kveite og tilgang av mathavre, er andelen av prognosert kvote tildelt i august sett til 40 %. Felleskjøpet Agri marknadsregulator vil foreslå følgjande tildeling av importkvote for karbohydratråvarer i auksjonen i august:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, august 2021 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	329 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- GSP-import melasse	-40 000
Korreksjon for utnyttede MUL-lisensar i siste kvoteår	2 100
Suppleringsimport inklusive GSP-/MUL-import	266 100
Importbehov sep-nov inklusive MUL-import	40 % 106 000
- MUL-lisensar august-november	-6 800
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	99 000

For import frå MUL-land er det fri tilgang til importlisensar. Lisensane gjeld for perioden august - juli. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er gitt tollfri kvote for sukkermelasse frå GSP-land på 40 000 tonn. Industrien har vidare tilgang til tollfri import av inntil 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits frå EU.

I august korrigerer vi også for at importen av MUL-varer i den førre sesongen er mindre enn tildelte lisensar.

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Forbruket gått ned dei siste åra, men det er signal om stabilisering. Sett mot prognosert tilgang av norskprodusert oljefrø, korrigert for estimert 63 % andel åkerbønner og estimert forbruk til matolje, har bransjen behov for følgjande suppleringsimport i sesongen:

Importbehov oljefrø 2020/2021	
Forbruk til kraftfôr	15 000
- Tilgang norsk oljefrø	-7 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov oljefrø	9 400

Underskottsområda har trong for tilførsel av importert oljefrø frå starten av sesongen og Felleskjøpet Agri marknadsregulator foreslår å tildele 55 % av kvoten i august. Dette gir ei kvote på 5 000 tonn.

Forslag om importkvote for matkorn

Felleskjøpet Agri marknadsregulator har lagt til grunn at 40 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgende importkvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, august 2021 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	113 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 400
Suppleringsimport inklusive MUL-import	111 600
Importbehov inklusive MUL-import	40 % 45 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	45 000

Det er ikkje søkt om MUL-lisensar for import av matkorn, men det er lagt til grunn at import av durumkveite blir som i 2020 då det vart importert 1 400 tonn.

Statistikk for tidlegare sesongar

Prognosane vil vere usikre. Tabellen under viser gjennomsnittlege absoluttverdiar av avvik i ei femårsperiode, for ulike prognosetidspunkt.

Avvik mellom prognoserte og registrerte kvanta 2016-20				
		Snitt absoluttverdiar		
		August-prognose	November-prognose	Mai-prognose
Tilgang	Kveite	7 %	2 %	0 %
	Bygg	9 %	2 %	0 %
	Havre	10 %	2 %	0 %
	Korn	6 %	2 %	0 %
Forbruk	Drøv	3 %	3 %	1 %
	Svin	3 %	3 %	2 %
	Fjørfe	3 %	4 %	1 %
	Krautfôr	1 %	1 %	1 %
Forbruk	Matkveite	2 %	2 %	2 %
	Grynhavre	10 %	8 %	8 %
	Matkorn	2 %	2 %	1 %

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21*	224 514	82 002	306 517	7 626	25 705	33 331
Prognose	168 000	100 000	267 000	8 000	45 000	53 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21*	606 442	296 237	1 242 527	3 796	15 166	22 978
Prognose	627 000	306 000	1 253 000	4 000	15 000	-

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose